




OSLO BØRS HOVEDINDEKS



VERDENS BØRSE



VALUTA

	05.02	04.02
1 AUD AUS. DOLLAR	5,20	(5,19)
100 DKK DANSKE KR.	110,40	(109,73)
1 EUR EURO	8,22	(8,17)
100 JPY JAP. YEN	6,71	(6,50)
1 CAD KAN. DOLLAR	5,59	(5,56)
1 GBP BR. PUND	9,41	(9,36)
100 CHF SV. FRANCS	559,84	(556,09)
100 SEK SVENSKE KR.	80,26	(80,62)
1 USD US DOLLAR	6,00	(5,90)

Forskarar fryktar at surt vatn gir svart hav

Bilkøring og kolkraftverk kan ta livet av fisken fryktar Havforskningsinstituttet. Ny forskning skal kartleggje faren.

OGNE ØVEHAUG
ogne.oyehaug@bt.no

Utslepp av karbondioksid (CO₂) gjer havet surare.

Forsuringa trugar mellom anna den vesle krepsearten raudåte, som er næringsgrunnlaget for alle dei store norske fiskestammene.

Forsuringa gjer det verre å skilje ut kalk. Det svekkjer oppbygging av skalet til skaldyr og tærer på skal som alt er bygd opp.

– Dette er potensielt eit veldig alvorleg problem, seier professor Svein Sundby ved Havforskningsinstituttet.

Øydelegg skalet

Når vi fyrer med fossilt brennstoff slepp vi ut CO₂.

Desse utsleppa har først og fremst fått merksemd som såkalla drivhusgass, som gjer at jorda vert varmare.

Men meir CO₂ i atmosfæren gjer at meir CO₂ vert soge opp av havet. Det forsurar havet sakte, men sikkert. Forsuringa byrja med den industrielle revolusjonen på 1800-talet.

Prognosane forskarane opere-



I FARE: Torsken beitar på raudåte. Slik set forsuringa av havet lofotfisket i fare.

ARKIVFOTO: SVEIN ERIK FURULUND, AFTENPOSTEN

rer med er at havet vil endre seg frå ein pH på 8,1 i dag til ein pH på 7,8 i løpet av dette hundreåret. (pH er målstokken for kor surt vatnet er. Ein pH på sju er nøytralt, lågare tal er surare, høgare er basisk).

Havet vert altså ikkje surt, men mindre basisk. Det kan likevel få store følgjer.

Poenget til forskarane er at endringa er stor og brå i høve til det som har vore situasjonen i fleire millionar år. Spørsmålet er

korleis livet i havet reagerer på denne endringa.

Færre overlever

Eit treårig forskingsprosjekt på Havforskningsinstituttets forsøksstasjon i Austevoll skal freiste å gi svar på korleis raudåte vil reagere.

Tidlegare forsøk tyder på at surare vatn slår ut i at langt færre raudåteegg vert klekte ut.

Men dei forsøka vart gjort under mykje surare tilhøve enn

forskarane ventar skal vere tilfelle i 2100.

Det Havforskningsinstituttet skal finne ut i løpet av dei neste tre åra er korleis raudåta vil reagere på den forsuringa som faktisk er venta.

Kalk blir lettare løyst opp på djupt vatn der trykket er høgt. Under 2600 meter går alle kalkskal i oppløysing.

Store deler av året ligg raudåta i dvale på havbotnen, på 400 til 2000 meters djup.

Etter kvart som havet tek opp meir CO₂ stig grensa for kvar kalk går i oppløysing. Ved slutten av dette hundreåret vil grensa ha heva seg frå 2600 til 400 meters djup. Då vil alle plassar raudåta overvintrar vere utsett for oppløysing av kalk. Til slutt blir det slik at raudåta vil leve i forsura vatn storparten av livet.

For ti år sidan var det praktisk tala ingen forskarar som brydde seg med verknadene forsuring har på organismane i havet.



ErgoGroup er et nordisk IT-selskap med 3700 ansatte og en omsetning på NOK 5,7 milliarder. ErgoGroup er totalleverandør av IT-drift, løsninger og konsulent tjenester, og har lokal tilstedeværelse på nærmere 90 steder i Norden.

Regionale tjenester i ErgoGroup arbeider med store lokale kunder og mellomstore kunder nasjonalt, og har kompetanse gjennom hele verdikjeden fra ERP og IT-løsninger til IT-infrastruktur og IT-drift. Forretningsområdet omsetter for NOK 1 milliard og består av 550 ansatte fordelt på 11 lokasjoner.

ErgoGroup Bergen består av nærmere 90 medarbeidere, hvorav 20 tilhører forretningsområdet Regionale tjenester.

Vi søker nå:

Regionsjef – Bergen

Spennende utfordring for markedsorientert og operativ leder

Regionale tjenester er i en oppbyggingsfase, og vi ser for oss en betydelig vekst i regionen i årene som kommer. For å nå våre ambisiøse mål ser vi etter en entusiastisk, energisk og operativ leder. Du er forretningsorientert, selvstendig og oppnår resultater sammen med andre.

Det er ønskelig at du har relevant ledererfaring og et godt nettverk i regionen.

For riktig person kan vi tilby en utfordrende hverdag i ett miljø i stor vekst. Du vil få stor grad av frihet til å utvikle Regionale tjenester i Bergen i tråd med konsernets mål og strategier.

Eventuelle spørsmål om stillingen kan rettes til Visindi ved Knut N. Kvammen Eide, tlf. 916 56 107, eller Liv K. Braathen, tlf. 916 56 106. Du kan også kontakte Tim Smistad hos ErgoGroup på tlf. 480 19 988. Søknad med CV sendes snarest og via "Stillinger" på www.visindi.no. Alle søknader og henvendelser behandles om ønskelig konfidensielt, også overfor oppdragsgiver.

visindi